

## SAK 06-20


### STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2021 – 2024

#### Bakgrunn

I vedtektene til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram

Gjeldande plan, Strategisk plan for Hallingdal, for perioden 2017- 2020, vart vedteken i Hallingtinget i april 2017.

Regionrådet ynskjer at Hallingtinget startar innleiande drøftingar til innhald i ein ny/revidert Strategisk plan for Hallingdal 2021 - 2024. Det er og planlagt at hovudtema på Hallingtinget sitt møte hausten 2020 (2-dagars samling), vil vera Strategisk plan for Hallingdal.



#### Regionalt utgangspunkt

Hallingtinget sitt utgangspunkt for arbeidet med strategisk plan kan vera:

- [Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020](#) (vedlegg 1)
- Nøkkeltall Hallingdal (vedlegg 2).
- Regional planstrategi for Viken: [Arbeidet med å utvikle en ny regional planstrategi for Viken pågår for fullt](#). Den regionale planstrategien skal gjelde for perioden 2021-2030 og skal peike ut kva retning Viken skal utviklast mot 2030.

#### Overordna nasjonale føringar

For å fremme berekraftig utvikling, utarbeider regjeringa kvert kvar fjerde år [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging](#). Desse forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som ein forventar at blir særleg vektlagt i framtidig planlegging.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

- *Å skape et bærekraftig velferdssamfunn*
- *Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning*
- *Å skape et sosialt bærekraftig samfunn*
- *Å skape et trygt samfunn for alle*

Regjeringa har og bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Bærekraftmåla blir derfor ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Vi må ta omsyn til dei av [FN sine bærekraftsmål](#) som er relevante.

## Formål med Strategisk plan

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek stilling til dei langsiktige utfordringane regionen står ovanfor og som gir retning for det regionale utviklingsarbeidet. Vidare skal planen fastsette mål og strategiar/innsatsområde for Hallingdal som heilskap og seie noko om behovet for regionalt samarbeid.

Strategisk plan skal vera målretta, langsiktig og omfatte nokre utvalte innsatsområde som har betydning for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

## Kvar er vi? Status – utfordringar

På Hallingtinget vil det bli gitt ein oppdatering på utfordringsbilete/ status i dag når det gjeld demografi, næringslivsutvikling, offentleg samarbeid, klima og miljø osv. Dette vil danne utgangspunkt for nye mål og strategiar

## Kvar vil vi? Hovudmål

**Mål eller målsetting** er ein klar ide eller intensjon om kva ein ønskjer å vera eller oppnå i på eit gitt framtidig tidspunkt. Mål kan gi retning til vidare arbeid og styre utviklinga mot målet. Mål er det ønska sluttresultatet, medan strategi, tiltak og oppgåver er framgangsmåten som vert brukt for å oppnå målet.

I gjeldande plan er det sett følgjande hovudmål

*«Hovudmål Hallingdal skal bli ein meir attraktiv, positiv og produktiv region, der alle har moglegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besøkande.»*

**Attraktiv:** Hallingdal skal vera ein attraktiv region, med sterke sentrum og levande bygder. Her skal innbyggjarane ynskje å busetja seg, flytte attende til og tilflyttarar ynskjer å bli buande. Hallingdal skal vera ein attraktiv region å besøke og trekke til seg nye verksemder.

**Positiv** Hallingdal som ein attraktiv busetjings og reiselivsregion er heilt avhengig av eit vertskap, som er positiv. Positive tankar skapar positivitet i kvardagen, også på arbeidsplassen, mens negative tankar gjer det motsette. Sidan våre haldningar lett smittar over på dei som er rundt oss, blir det stadig viktigare å skapa positivitet på arbeidsplassen. Dei som lykkast med dette vil sannsynligvis vera dei som lykkast i dagens moderne kunnskapsamfunn. Positiv tenking skaper meir innovative og effektive organisasjonar. Hallingdal vil ha aktive og friske innbyggjarar som deltek i arbeidsmarknaden, engasjera seg og startar nye verksemder.

**Produktiv** Hallingdal skal kjenneteiknast med konkurransedyktige og produktive verksemder. Det krev ein engasjert, kompetent og idérik arbeidsstyrke, i tillegg god fysisk og digital infrastruktur og samarbeid på tvers av næringar og geografi.

### Til drøfting: MÅL

Skal hovudmålsettinga i gjeldande strategiske plan endrast, justerast, eller spissast

## Korleis skal vi nå måla? Strategi – Innsatsområde

Strategi handlar om målrealisering og skildrar det ein tenker å gjera for å oppnå måla. I gjeldande strategiske plan vart dette kalla innsatsområde. Hallingtinget vedtok i 2017 6 innsatsområder, med tiltak på overordna nivå:

- Folk som ressurs (humankapital)
- Infrastruktur
- Arbeidsplassar
- Fleirkjernestruktur
- Bukvalitet
- Samarbeid

Ut frå verdiar, hovudmål og innsatsområde er det utvikla ein modell, som på ein forhåpentlegvis lettfatteleg og illustrativ måte, skal fortelja hovudinnhaldet i Strategisk plan for Hallingdal.



### Til drøfting:: Strategi/innsatsområde:

Kva Strategi/innsatsområde skal Hallingdal ha for å nå dei langsiktige måla for Hallingdal.

## Prosess, forankring og involvering

Det har kome synspunkt på at gjeldande strategiske plan kunne vore betre forankra ute i kommunane. I sak 67/19 fatta regionrådet vedtak om at komande strategisk plan skal involvere kommunane i sterkare grad og at strategisk plan må inn i kommunale planar.

### Til drøfting: Strategi/innsatsområde:

1. Korleis skal kommunane, næringslivet og frivilligheita involverast i arbeidet med strategisk plan for Hallingdal
2. Korleis kan innhaldet i Strategisk plan for Hallingdal innarbeidast i kommunale planar, og kor forpliktande vil ein slik plan vera

## Kva status skal planen ha?

Ein strategisk plan gjennomførast som ein regional prosess og utformast utan formell forankring i lovverket noko som har vore gjort tidlegare. Ein slik prosess styrer vi sjølv. Alternativet er å gjennomføre det som eit interkommunalt plansamarbeid etter §9.1 i plan- og bygningslova, noko som er ein meir omfattande planprosess. Dette spørsmålet kan vi ta stilling til på eit seinare tidspunkt. Etter at Viken har landa sin prosess.

## Tentativ tidsplan for planarbeidet

19. juni 2020	Oppstart
Juni - nov. 2020	Prosess
Okt/nov 2020	Presentasjon og ev justering i Hallingting
Nov 2020-feb 2021	Prosess
Mars 2021	Vedtak i Hallingtinget

Ål 11.6.2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar

Vedlegg 1: [Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020](#)

Vedlegg 2: <https://www.regionalanalyse.no/> (under fane Fjellkommuner finn de ein del fakta og og framskrivingar for kommunane i Hallingdal)

Vedlegg 3: [Vi i Viken, Kunnskapsgrunnlag for en berekraftig framtid](#) (stor fil)

Vedlegg 4: [Viken og delregionene – samfunnsutvikling og bærekraft, utfordringer og muligheter](#) (stor fil)